

Produktpar

Vel fire etterfølgjande tal.

Multipliser det første og det siste talet.

Multipliser dei to midtarste tala.

Vel fleire ulike sett av fire etterfølgjande tal, og gjer det same.

Kva legg du merke til?

Forklar det du har lagt merke til. Vil dette gjelde alltid viss du vel fire etterfølgjande tal, og multipliserer det første med det siste og dei to midtarste med kvarandre?

Her er nokre fleire spørsmål å tenkja over:

Samanlikn produktet av det første og siste talet med produktet av det andre og det nestste talet når de har:

- 5 etterfølgjande tal
- 6, 7, 8, ... x etterfølgjande tal
- 4 etterfølgjande partal
- 4 etterfølgjande oddetal
- 5, 6, 7, 8, ... x etterfølgjande oddetal eller partal
- 4 etterfølgjande tal i 3-gangen, 4-gangen, 5-gangen, ...
- Desimaltal med .1 imellom, slik som 1,2, 2,2, 3,2, 4,2
- Fire tal med 3 imellom, slik som 2, 5, 8, 11
- Fire tal med $\frac{1}{2}$ imellom, slik som 4, $4\frac{1}{2}$, 5, $5\frac{1}{2}$

Kva legg de merke til?

Kan de forklara det de har merka dykk?

Lag nokre liknande spørsmål sjølv. Imponer vennene dine med å gi dei ein kalkulator og «spå» (fortelja på førehand) kva som vil skje!